

Uttale frå kontrollnemnda i 4H Hordaland for året 2020

Kontrollnemnda har som oppgåve å kontrollere at styret i 4H Hordaland rettar seg etter dei vedtaka årsmøtet gjer. Særleg årsplan og budsjett er viktige styringsdokument.

Kontrollnemnda har òg som oppgåve og finne 1 person for 3 år og 3 varamedlemmer for 1 år til valkomiteen. Dette året har kontrollnemnda bestått av Åshild Irene Lie, Vilde S. Kvamme og Rune Solberg.

Året 2020 har vore eit spesielt år for alle, òg for 4H Hordaland. Det har blitt fleire utfordringar med avlyste arrangement både i fylket og nasjonalt. Fylkesstyret har gjort ein god jobb og tatt utfordringar på strak arm og tenkt nytt i denne tida. Dei har hatt dei fleste styremøta digitalt.

Alle innkallingar, protokollar og rekneskapsrapportar er sendt med kopi til kontrollnemnda. Så kontrollnemnda har kunna gjort ei god vurdering av styret sitt arbeid gjennom heile året.

Det er positivt for kontrollnemnda å sjå at merknadar kontrollnemnda kom med i fjor er tatt med seg vidare i styret sitt arbeid i 2020.

Kontrollnemnda ser at kommentarar til økonomien i dei ulike arrangementa burde vore tatt på styremøta og kome med i kortform i protokollane. Dette ville gjere denne informasjonen lettare tilgjengeleg, og gitt eit betre høve til korrigerande tiltak.

På grunn av verknadane av pandemien kan ein ikkje forvente at økonomien for 2020 skal vere som budsjettert. Rekneskapan viser inntekter på kr 1.248.202. Driftskostnadene er på kr 1.004.321. Dette er utgifter og inntekter som for året før var om lag 1,5 gongar høgare. Faste, koronauavhengige kostnader og offentlege tilskot gjer at overskotet etter finansinntekter likevel vert på kr 257.682. I dette ligg ein momskompensasjonen som har gitt kr 100.416. Det ser då ut til at dette har kome på plass i 2020.

Den store inntektssvikten er deltakaravgifter med kr 460.000 mindre enn året før. Dette kan forklarast med at etter 12. mars har mange aktivitetar vorte avlyste eller utsette, slike som storkurs, distriktsleirar, fylkesleir, landsleir, seniorsamling og plakettfest.

Me ser difor at 4H Hordaland har ein sunn økonomi som er rusta til å ta nye, framtidsette grep.

Styret sitt arbeid med synleggjering er noko me ser på med positive auge. Det er gjort ein god jobb med å nå ut til gamle og nye medlemmer. Det er særst positivt at ein har laga små videosnuttar og lagt ut i sosiale media. Me oppfordra styret til å fortsetta det gode arbeidet med å visa kva me gjer i 4H Hordaland og styrka medlemsmassen med nye medlemmer og behalda dei som alt er medlemmer.

Kontrollnemnda ser at styret har gjort ein god jobb i året 2020. Sjølv med eit spesielt år har ein klart og få positivt resultat i rekneskapan, ein har fått medlemsvekst og ein har fått vist seg i sosiale media. Fortsett med den gode jobben de gjer.

Kontrollnemnda

Åshild Irene Lie
Sign

Vilde S. Kvamme
Sign

Rune Solberg
Sign